



## NYE VOLDA KOMMUNE

Joakim Rødven

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2018/96	1001/2019	033	KUN/ ASTGJE	18.01.2019

### REFERAT FRÅ MØTE I TEMAGRUPPE KULTURBYGGING 16.1.2019

#### Referat frå møte i temagruppe kulturbygging 16.01.2019

Møtte: Kristine Sofie, Anett Mari, Sigrud, Astrid, Odd Harald

#### 1. Søknad om kulturbyggingsmidlar

Søknad frå KFUM Volda Volleyball og Hornindal II, om

- kr. 41 800, til utstyr til opplæring, Longnet-pakkar
- 35 000 til liknande prosjekt på skulane Austefjord, Folkestad, Dravlaus

Nemnda ser positivt på søknaden og tiltaket, men ynskjer meir informasjon, Odd Harald tek kontakt med Rune Aarflot, og signaliserer der at vi ynsker å vere med i eit spleiselag, t.d mellom Idrettslaga, skulane og kulturbyggingsnemnda.

#### 2. Kulturbyggingsseminar nye Volda

Tid: Forslag om veke 11

Stad: Volda Samfunnshus

Program

Forslag om Innleiing v. Marit Nerås, leiar i kulturkomiteen i Møre og Romsdal. 15. min. Tema: kulturbygging. Odd Harald kontaktar henne.

Vidare tek vi sikte på speedating med stasjonar utfrå ulike tema, som vi føreslår er:

- Økonomi
- Tilskot
- Lokale og anlegg
- Møteplassar
- Møte mellom kulturar
- Møte på tvers av alder/generasjonar
- Nye idear
- Kommunikasjon

Deltakarane sirkulerer frå stasjon til stasjon, som er fast «bemanna»

Mål: Bli kjende med kvarandre, og invitere til vidareutvikling  
Pausemat. Spleise bygdekvinnelaga i Hornindal og Austefjorden til å lage fingermat. Astrid kontaktar Ingunn Holsvik i Austefjord bygdekvinnelag, som igjen kontaktar Aashild Sætren i Hornindal bygdekvinnelag.

### 3. Ungdomsarrangementet

Framleis tek vi sikte på eit Rokken- arrangement. Leiar Åge Staurset melder at beste tida er rundt påsketider. Odd Harald og Sigurd kontaktar Rokken i lag, for å få ei endeleg avklaring av kva som er mogeleg, og om deling av ansvar for førebuing og gjennomføring. Ungdomsrådet står for promotering av arrangementet.

Neste møte vert 31.januar i Volda, der vi tek att følgjande saker:

- Søknaden frå KFUM-laga
- Ungdomskonserten
- Kulturbyggingsseminaret

Ref. Astrid Gjersdal

Med helsing

Astrid Gjersdal

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*